

**MØTEPROTOKOLL**

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** *Aula Hareid skule*  
**Dato:** *29.06.2015*  
**Møte tok til** *18:00*  
**Møte slutta** *19:10*

Kommunestyret var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjort med oppslag i rådhuset og med kunngjering i Vikebladet/Vestposten (gjeld kun KST).

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 26.06.2015

**Faste medlemar som møtte:**

Namn	Funksjon	Representerar
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Siv Marit Røyset Kaldhol	Medlem	AP
Kjersti Røyset Topphol	Medlem	KRF
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF
Einar K. Warholm	Medlem	V
Annika Brandal	Medlem	V
Ann Helen Grimstad Worren	Medlem	V
Anders Riise	Leiar	H
Alice Strømmegjerde	Medlem	H
Jenny Bjåstad Nasset	Medlem	H
Vidar Vollsæter	Medlem	H
Perny Ann Nilsen	Medlem	FRP
Kjartan Grimstad	Medlem	FRP
Øyvind Grimstad	Medlem	FRP
Dag Audun Eliassen	Nestleiar	FL
Hallgeir Teigene	Medlem	FL
Kristian Fuglseth	Medlem	FL
Ingunn Petrin Pettersen	Medlem	FL
Bjørn Overå	Medlem	FL

**Faste medlemar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Representerar
Ottar Røyset	MEDL	H
Truls Håbakk	MEDL	FRP

**Varamedlemar som møtte:**

Namn	Møtte for	Representerar
Wenche J. Holstad Jøsok	Ottar Røyset	H
Jeanette Teigene	Truls Håbakk	FRP



**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Oddbjørn Grimstad	Fung. rådmann
Helga Bøe-Grimstad	Møtesekretær
Berit Aasen	Kommunalsjef
Kai-Rune Bjørke	Leiar

Ordførar Anders Riise leia møtet

21 voterande

Kommunestyret handsama PS 53/15  
Kommunestyret handsama PS 54/15  
Kommunestyret handsama RS 12/15  
Kommunestyret handsama RS 13/15  
Kommunestyret handsama PS 55/15 Gruppemøte vart halde før røysting  
Kommunestyret handsama PS 56/15

Saker som vart lagt på bordet:

Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi. Datert 18.06.2015 (2014/2234)

## SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	<b>Politiske saker</b>	
<b>PS 53/15</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>	
<b>PS 54/15</b>	<b>Godkjenning av protokoll førre møte</b>	
	<b>Referat saker</b>	
<b>RS 12/15</b>	<b>Protokoll Generalforsamling Hapark AS 2015</b>	2015/804
<b>RS 13/15</b>	<b>Kontoutskrift 2014, Kommunal landspensjonskasse</b>	2015/719
	<b>Politiske saker</b>	
<b>PS 55/15</b>	<b>Hareid Godsterminal - Godkjenning av avtale - Ny handsaming etter utsetjingsforslag</b>	2013/1188
<b>PS 56/15</b>	<b>Revisjon Investeringsprosjekt 2015 - ny handsaming</b>	2014/662

Hareid, 26.6.2015

Anders Riise  
ordførar

Helga Bøe-Grimstad  
utvalsekretær



## POLITISKE SAKER

### PS 53/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### **Kommunestyret si handsaming:**

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad

#### **Røysting:**

**Samrøystes**

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad

### PS 54/15 Godkjenning av protokoll førre møte

***Perny Ann Nilsen, FRP**, hadde følgjande merknad til protokollen i førre møte:  
I røystinga i sak **PS 44/15 Budsjettrevisjon -juni 2015**. Der står i linje 4 at det vart vedteke med 11 røyster for – 10 røyster mot:*

*Røystinga skal vere slik:*

*To fyrste liner i tilrådinga – vedteke med 19 røyster for – 1 røyst mot*

*Tilleggsforslag FL – fall med 15 røyster mot – 5 røyster for*

*Endringsforslag FRP, kulepunkt 1 – fall med 4 røyster for – 16 røyster mot*

*Endringsforslag FRP, kulepunkt 2 – vedteke med 10 røyster for – 10 røyster mot. Her vart ordførar si dobbeltrøyst avgjerande.*

Forslag til medlemmar for signering av protokoll førre møte:

Marit Øien Sæverud og Stian Runne Brandal

#### **Røysting:**

**Samrøystes**

#### **Vedtak:**

**Protokoll frå førre møte godkjent med følgjande endring:**

**PS 44/15 Budsjettrevisjon -juni 2015:**

**Det vart røysta slik:**

**To fyrste liner i tilrådinga – vedteke med 19 røyster for – 1 røyst mot**

**Tilleggsforslag FL – fall med 15 røyster mot – 5 røyster for**

**Endringsforslag FRP, kulepunkt 1 – fall med 4 røyster for – 16 røyster mot**

**Endringsforslag FRP, kulepunkt 2 – vedteke med 10 røyster for – 10 røyster mot. Her vart ordførar si dobbeltrøyst avgjerande.**

**Marit Øien Sæverud og Stian Runne Brandal vart valt til å signere protokollen frå førre møte.**



**REFERAT SAKER**

**RS 12/15 Protokoll Generalforsamling Hapark AS 2015**

**RS 13/15 Kontoutskrift 2014**

**Kommunestyret si handsaming:**

**Røysting:**

Samrøystes

**Vedtak:**

**Referatsakene teke tilvitande.**



## **POLITISKE SAKER**

### **PS 55/15 Hareid Godsterminal - Godkjenning av avtale - Ny handsaming etter utsetjingsforslag**

#### **Kommunestyret si handsaming:**

Gruppemøte frå 18.40 – 18.50

#### **Røysting:**

Tilråding frå rådmannen vedteke med 17 røyster for og 4 røyster mot.

#### **Vedtak:**

**Kommunestyret godkjenner tilbodet frå Dimo AS om å kjøpe godsterminalen og areal rundt, til ein pris av kr. 4.600.000,-**

**Kommunestyret godkjenner elles kjøpsavtalen slik den ligg føre i vedlegg 1 til denne sak, der rådmann og ordførar har underteikna på vegne av Hareid kommune.**

**Kommunestyret godkjenner vidare driftsavtalen slik den ligg føre i vedlegg 2 til denne sak, der rådmann og ordførar har underteikna på vegne av Hareid kommune.**

### **PS 56/15 Revisjon Investeringsprosjekt 2015 - ny handsaming**

#### **Kommunestyret si handsaming:**

#### **Røysting:**

Samrøystes

#### **Vedtak:**

**Kommunestyret vedtek endringane i investeringsbudsjettet for 2015 slik dei er framstilt i denne saka.**